



Arkiv: FA-C21, FE-076
JournalpostID: 22/6166
Saksbehandler: Anders Olav Dale
Dato: 21.01.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
010/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.02.2022

Idrettsstipend 2022

Rådmannens framlegg til vedtak

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av stipend på totalt 60 000,- slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 010/22 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av stipend på totalt 60 000,- slik det kjem fram av saka.

Handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn

Alver kommunestyre vedtok i møte 16.09.21 sak 098/21 Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningslinjer. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett.

Den totale ramma for kultur vart redusert med ein million kroner i møte i kommunestyret 16.12.21 sak 164/21 - Økonomiplan 2022-2025. Som følgje av kuttet vart tilskotsordninga redusert frå kr 7.700.000 i 2021 til kr 6.700.000 i 2022, ein reduksjon på 1 million kroner. Barn og unge har så langt som mogleg blitt skjerma.

Denne saka gjeld tildeling av idrettsstipend for 2022. Ordninga hadde søknadsfrist 15.11.2021.

I retningslina heiter det at opptil tre arbeids- og etablerarstipend skal gå til idrettsutøvarar, trenarar, dommarar eller idrettsleiarar som er del av, eller har bakgrunn frå og tilknytning til, idrettslivet i Alver. Stipenda skal støtte høva for å utvikle seg innan idretten, og prioriterer søkjarar i aldersgruppa 15-26 år. Stipendordninga har ei øvre grense på kr. 30 000,- pr. stipend. Idrettsstipenda skal delast ut etter ei vurdering av gjennomføringsemne og dokumenterte prestasjonar dei siste 3 år.

Saka har vore på høyring til idrettsrådet.

Saksopplysingar

Uttale idrettsråd:

Alver idrettsråd rår til at Tore Andre Aase Vabø, Karoline Træland Dalland og Jonas Vågenes vert tildelt idrettsstipend for 2022 i samsvar med innstillinga.

Vurdering

Innstillinga er utarbeida etter tidlegare vedteke retningslinjer for denne tilskotsordninga.

Innstilling

Namn	Innstilling	Idrett	Om søkeren
Tore Andre Aase Vabø	30 000,-	Sykling	Syklar for kontinentalaget Team Coop. Starta karrieren i Nordhordland sykkelklubb. Deltek i konkurransar i Europa på profesjonelt nivå. Deltok bl.a. i Artic Race of Norway 2021.
Karoline Træland Dalland	15 000,-	Sykling	Går på Norsk Toppidrettsgymnas i Bærum. Syklar på internasjonalt juniornivå. Bakgrunn frå Nordhordland sykkelklubb.
Jonas Vågenes	15 000,-	Sykling	Går på toppidrett på Tertnes vidaregåande skule. Syklar på internasjonalt juniornivå. Bakgrunn frå Nordhordland sykkelklubb.